

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 01.03.2018
Vår ref.: 2015/5869-17
Saksbehandlar: evevaul
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement. Tildelingar for januar 2018.

Me takkar for dykkar søknad til tilskotsordninga for lokale trafikkarrangement. Elleve søknadar om støtte kom inn til fristen 1. januar 2018. fekk me inn elleve søknader om støtte. Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) vedtok i møte 20. februar 2018 å innvilga tilskot til samtleige søkjarar. Me ønskjer lykke til med gjennomføringa av dykkar arrangement!

Vedtak og innvilga tilskotssum finn de på neste side. Andre dokument frå handsaminga i FTU (sak 9/2018) finn de her: <http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=701>

Føresetnadar for tildelinga

Det er ein føresetnad for tildelinga at det i omtale og profilering av tiltaket kjem fram at det er støtta av Hordaland fylkeskommune. Om det skal nyttast logo, så finn de denne her: <https://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/grafisk-profil>

FTU viser til at tilskot vert gjeve under føresetnad av at Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføra kontroll med at tilskotet vert nytta slik det går fram av søknaden og vedtaket.

Rapportering av bruk

Søkjarar som får innvilga tilskot skal levera ein kortfatta rapport om bruken av tilskotet, samt eit rekneskap. Rapporteringsskjema finn de her: <https://www.hordaland.no/nn-NO/vegogtransport/trafikksikring2/tilskot-til-lokale-trafikksikringstiltak/>

Rapportering skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, og seinast 2 månadar i etterkant. Om ikkje rapporten er levert innan fristen er det grunnlag for at ein eventuell søknad ved eit seinare høve ikkje vert handsama. Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn.

Håkon Rasmussen
samferdselsdirektør

Even Vaular
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 20.02.2018

Fylkestrafikksikringsutvalet sitt vedtak var samrøystes.

Vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskotsordning av 1. januar 2018 til lokale trafikksikringsarrangement slik;

	Søkjær	Søknadssum	Tilskot
a	Askøy kommune	35 000	27 000
b	Bømlo kommune	30 000	30 000
c	Bømlo vidaregåande skule	42 000	32 000
d	FAU Alversund skole	15 000	6 000
e	KnarvikMila (UngdomsMila)	50 000	40 000
f	Kvinnherad kommune, Undarheim skule	30 000	15 000
g	Odda vidaregåande skule	5 000	5 000
h	Samnanger kommune	10 000	10 000
i	Stord kommune	30 000	30 000
j	Stord vidaregåande skule	70 000	50 000
k	TSU Nordhordland	100 000	75 000
	Totalt	417 000	320 000